

Lokallagsleiaren i Folkerørsla mot EEC:

102708

- Meir overttydd no enn for 20 år sidan

- Då EF-kampen var på sitt heitaste for 20 år sidan, var det mange framstående næringslivsfolk og politikarar som kom med skremmebilete av kva som ville skje, dersom vi vart ståande utanfor den gongen. Folk flest hadde vørnad for slike folk då. Ein gjekk ut frå at dei visste kva dei snakka om. Difor var det dei påstod ein faktor som kunne gjere ein usikker, seier Jon Buset som var leiar av lokallaget av Folkerørsla mot EEC då striden rasa først på 70-talet. - I dag har eg ingen vørnad for desse politikarane og næringslivstoppane fordi det har vorte avslørt at dei overspelte sin skremsepropaganda. Og dermed er eg no meir sikker på mitt nei til EF i dag enn eg var i 1972.

- Dersom eg skal framheve det som eg ser på som viktigaste skilnaden mellom nei-rørsla den gongen i og i dag, er at vi i 1972 greidde å femne om langt fleire grupper. Det var mange frittstående personlegdomar som engasjerte seg og var sentrale i motstandskampen. Eg tenkjer her på Arthur Berg, Ragnar Kalheim, Ola Skjåk Bræk. Slike folk manglar dagens nei-rørsla. Både på det lokale og det nasjonale plan hadde vi skikkeleg samling tvers over heile det partipolitiske spekteret med få unntak, som vi ønskte sjølve. I dag har eg inntrykk av at Nei-til-EF, er for mykje konsentrert om Nei-parti som Sp og SV.

Den gongen jobba vi systematisk. Vi hadde kontaktar på dei store arbeidsplassane og i alle bygdelaga. Rett nok var det lettare å motivere den gongen fordi vi hadde ein klar dato vi skulle arbeide fram mot. Eg skulle ha ønskt noko av det engasjementet i dag også. Vi hadde standars. Og vi oppnådde eit godt resultat. Over 80% av folket i Volda sa nei. No hadde dei ikkje ein gong stand i Volda sentrum på 20-års dagen sjølv om det var seinfredag. Då vi starta folkerørsla i Volda

den gongen var det nesten ingen etablerte politikarar som ville vere med. Det første styret var samansett av folk som ikkje var partipolitisk engasjerte, med unntak av dei som representerte SF.

Men kva var det som fekk deg til å engasjere deg den gongen?

- Eg er norsk, og eg ser det som viktig å ha eit sjølvstendig fedreland. Eg såg på eit medlemsskap som ei form for sentralisering og unionsbinding. Og historia har lært oss at Noreg har vore ein tapar i unionar.

Du var nabo til Evelyn Åslid, leiar av Ja til EF i Volda. Korleis var forholdet over hagegjerdet den gongen?

- Vi hadde nok ikkje mange samtalor over hagegjerdet, men derimot debatterte vi i avisene. Elles hadde vi ikkje dei kvassaste taka overfor Ja til EF. Frå folkerørsla sentralt fekk vi beskjed om å halde ei klar linje mot Arbeidarkomiteen mot EEC og dyrtid, som var SUF(ml) kontrollert. Det var viktig å halde dei utanfor folkerørsla, fordi Ja-sida gjerne ville framstille oss som kommunistar.

Kva meiner du om EF i dag?

- Som sagt er eg sterkare imot medlemsskap i dag. Noreg har olje, vi har store mengder gass, vi har vasskraft, fiskefelt, skog og vi har naturområde til rekreasjon og kvile. Alt dette er mangelvare i EF.

I utanrikspolitikken skremmer planane om Europahæren meg. Det er greitt og rett at vi deltek i FN's fredsvernande styrker i t.d. Libanon, men då har kvart land sin kontingent. I Europahæren skal det ikkje vere slike klart skilde nasjonale grenser, det skal vere ein blandingshær, og eg ottast kva som då vil skje om vi får tendensar til diktatur, og spørsmål om engasjement andre stader i verda.

Men vil EØS vere eit alternativ til EF?

- Første tida var eg tiltalt av EØS-ideen. Kanskje kunne dette vere ein måte å ordne det økonomiske forholdet til EF, samstundes som ein kunne ha politisk og kulturelt sjølvstende. Men no tykkjer EØS er så ligge så nært opp mot fullt medlemsskap, utan at ein har den same innverknad som eit medlemsskap kan gjere. Argumentet om at vi med ei slik tilknytning blir ståande på gangen har noko for seg.



Jon Buset

Men ein skal heller ikkje legge for stor vekt på kva innverknad ein vil få ved eit medlemsskap. Vi veit kva innverknad ein liten i utkant i Volda har i kommunen her, og det er ikkje grunn til å tru at vesle Noreg vil få noko meir å seie i lag med dei store i Bryssel.

På kva måte er du engasjert i dagens EF-debatt?

- Eg har kjøpt eit Nei-til-EF merke som eg har klistra på bilen, men elles er eg ikkje ein gong medlem av Nei til EF rørsla i dag.